



**Saksframlegg**

**Tilskot Lokalmat AS - butikk i Bø**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet**

**Dokument i saka:**

**Vedlegg**

- 1 Forespørsel om midlertidig støtte – fylkesdekkande produsentbutikk i Telemark - Lokalmat Telemark AS
- 2 Brev Fyresdal.docx

**Bakgrunn for saka:**

Fyresdal kommune har motteke søknad frå Lokalmat Telemark AS om økonomisk støtte på inntil kr 15 000 som mellombels brufinansiering i ei krevjande etableringsfase.

Lokalmat Telemark AS er etablert som eit produsenteigd aksjeselskap med 27 eigarar frå ulike kommunar i Telemark. Verksemda driv ein ubemanna lokalmatbutikk med mål om å skape ein felles salskanal og møteplass for lokalmatprodusentar. Initiativet er blant dei første i landet der produsentar sjølve står for både eigarskap og drift av ei slik løysing.

Selskapet peikar på at oppstarten har vore meir krevjande enn forventa, med større investerings- og driftskostnader enn føreset. Det har mellom anna vore behov for kapitaltilførsel gjennom emisjon for å styrke eigenkapitalen. Selskapet opplyser at gjeldssituasjonen no er under kontroll, men at det framleis er behov for ytterlegare kapital for å stabilisere drifta og styrke marknadsføring og synlegheit. Lokalmat Telemark skriv i oversendt dokumentasjon at høge driftskostnadar knytt til mellom anna straum, leige gjer at det er krevjande å få til eit berekraftig resultat. Det opplysast også at det er gjort grep om betre økonomistyring men at betre resultat fyrst og fremst vil bli driven av betre sal.

I tilbakemelding til kommunen er det opplyst at selskapet sidan oppstart i juli 2025 har omsett varer for om lag kr 1,37 mill. Vidare er det opplyst at selskapet no arbeider med fleire tiltak for å auke omsetnad, mellom anna gjennom fleire leverandørar, auka marknadsføring og justering av provisjonsmodellen.

Frå Fyresdal er det Telemark Lam, Elin Skålid og Annbjørg Haug som er aksjonærar.

**Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Næring og arbeidsliv.*

Lokalmat Telemark AS representerer eit positivt initiativ knytt til lokal verdiskaping, samarbeid mellom produsentar og styrking av lokalmat som næring. Prosjektet har òg element knytt til beredskap og korte verdikjeder som er viktige samfunns mål.

Ved vurdering av støtte til næringsføremål er det likevel leggast vekt på nokre overordna kriterium:

- Lokal og direkte effekt for Fyresdal kommune
- Tal på arbeidsplassar eller verdiskaping i kommunen
- Om tiltaket er i tråd med vedtekne planar og strategiar
- Om prosjektet er i etablerings-, investerings- eller driftsfase
- Moglegheit for finansiering gjennom andre verkemiddelordningar
- Risiko og økonomisk berekraft

Sjølv om enkelte produsentar frå Fyresdal er representerte i selskapet, er dette eit fylkesdekkande initiativ med avgrensa direkte lokal effekt for Fyresdal kommune. Butikken er lokalisert i Bø, og hovuddelen av verdiskapinga vil naturleg skje utanfor kommunen. Vidare gjeld søknaden i hovudsak støtte til ei utfordrande driftssituasjon og behov for likviditet i ein etablert verksemd. Næringsfond og kommunale utviklingsmidlar bær i utgangspunktet nyttast til utviklings- og investeringstiltak med tydeleg lokal effekt, framfor å dekke drifts- eller likviditetsutfordringar.

Lokalmat Telemark AS kan ha positiv verdi for den enkelte produsent gjennom auka tilgang til marknad, større synlegheit og moglegheit for sal gjennom eit breiare nettverk. Initiativet kan dermed bidra positivt for produsentar frå Fyresdal som deltek i ordninga.

Samtidig må kommunen ved bruk av avgrensa nærings- og utviklingsmidlar gjere prioriteringar basert på lokal effekt og vedtekne satsingar. Fyresdal kommune arbeider allereie med fleire lokale initiativ innan stad- og reiselivsutvikling i 2026, der lokal matproduksjon og lokal verdiskaping er sentrale element. Døme på dette er vidare utvikling av lokale møteplassar og salsarenaer som Lokalbua, samt arbeid med å styrke lokale opplevingsprodukt og verdikjeder knytt til reiseliv og stadutvikling.

Kommunale midlar bør i størst mogleg grad bør nyttast til tiltak som gir direkte lokal verdiskaping og styrkar dei strategiske satsingane kommunen allereie har vedteke. Dette vil kunne gi større samla effekt for næringsutvikling, attraktivitet og langsiktig samfunnsutvikling i Fyresdal.

Det blir vidare vurdert at det finst andre verkemiddel som er betre tilpassa denne typen utfordringar, mellom anna gjennom Telemark Utviklingsfond og Innovasjon Norge sine ordningar. Desse har både større økonomiske rammer og ordningar som er meir retta mot utvikling, innovasjon og bedriftsvekst.

Det er også innhenta informasjon om at fleire kommunar i Vest-Telemark har gjort tilsvarande vurderingar og har innstilt negativt til søknaden.

**Konklusjon:**

Ein vurderer Lokalmat Telemark AS som eit positivt initiativ, men meiner at søknaden i avgrensa grad oppfyller dei vurderingskriteria som normalt bør leggjast til grunn ved tildeling av kommunale næringsmidlar.

Søknaden gjeld i hovudsak mellombels likviditetsbehov / dårleg driftsmargin knytt til drift av ei verksemd lokalisert utanfor Fyresdal kommune, og det finst andre og meir relevante finansieringsordningar som er betre tilpassa føremålet.

Kommunedirektøren tilrår derfor ikkje å innvilge søknaden

**Innstilling frå kommunedirektøren:**

Fyresdal kommune avslår søknad frå Lokalmat Telemark AS om støtte på inntil kr 15 000.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Gerd Straume
	næringssjef